

# Førebuing/ Forberedelse

01.12.2009

REA3015 Informasjonsteknologi 2

## Nynorsk

Informasjon til førebuingsdelen	
<b>Førebuingstid:</b>	1 dag
<b>Hjelpemiddel:</b>	<p>På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert Internett.</p> <p>Alle hjelpemiddel er tillatne på eksamen, utanom Internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon.</p>
<b>Bruk av kjelder:</b>	<p>Alle kjelder som blir nytta til eksamen, skal førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du må føre opp forfattar og heile tittelen på både lærebøker og annan litteratur.</p> <p>Dersom du har med deg utskrift eller sitat frå nettsider, skal du føre opp heile adressa og nedlastingsdatoen. Det er til dømes ikkje tilstrekkeleg med <a href="http://www.wikipedia.no">www.wikipedia.no</a>.</p>
<b>Vedlegg:</b>	Ingen
<b>Andre opplysningar:</b>	Førebuingsdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan du samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.
<b>Informasjon om vurderinga:</b>	Vurderingsrettleiingar til sentralt gitt skriftleg eksamen etter Kunnskapsløftet finn du på <a href="http://www.undanningsdirektoratet.no">www.undanningsdirektoratet.no</a> under menyvalet <i>Eksamen</i> .

## Tema: Nettstad – Sjøliv i Grenland

Grenland i nedre Telemark er eit kystdistrikt med omfattande fritidsbåtaktivitet. I Grenland er det nesten like vanleg å ha båt som å ha bil. I Grenland finn vi byane Porsgrunn og Skien, og tettstadene Brevik, Stathelle og Langesund ute ved fjorden og havet.

Det finst naturleg nok ei rekkje båtforhandlarar i området. Desse forhandlarane har gått saman og ønskjer å opprette og drive nettstaden "Sjøliv i Grenland". Etter oljekatastrofen sommaren 2009 må dei vere på offensiven for å halde interessa for sjølivet oppe.

Ei initiativgruppe har hatt eit par møte og notert ei "laus innhaldsliste"<sup>1</sup> med komponentar og innhald dei kunne tenkje seg å ha med på nettstaden. Det er viktig for dei at nettstaden skal innehalde mykje meir enn berre reklame for båtane deira. Innhald og utforming skal lokke båtinteresserte til nettstaden, slik at han får høge besøkstal. Dermed kan nettstaden i neste omgang brukast til å marknadsføre deira eigne produkt.

På neste side finn du den "lause innhaldslista" som initiativgruppa har laga (i tilfeldig rekkjefølgje).

---

<sup>1</sup> "Laus innhaldsliste" er det første innhaldsutkastet til ein nettstad.

## Laus innhaldsliste til nettstaden "Sjøliv i Grenland"

- bilete av båtar som er til sals, av typane Askeladden, Quicksilver og Bayliner
- reklamar for alle sjørelaterte produkt
- lydeffektar, til dømes lyd av bølgeskvulp og vind
- videovisningar frå sjøen og båtar
- trafikkskilta på sjøen (stakar som viser grunner, osv.)
- lanterner
- kartlesing
- GPS
- badevett
- nødprosedyrar
- vindskalaer og vind på sjøen
- det fonetiske alfabetet (radiosignalkodar)
- hamneplassbestilling
- fiske
- sjømat
- ferie ved sjøen
- hamner langs kysten av Noreg, Sverige og Danmark
- aktivitetar: dykking, padling, roing, surfing, vasski
- kurs: segling, motorar, navigering osv.
- verkstader og utstyr i regionen
- redningsvestar
- badestrender
- kystkultur
- strandrestaurantar osv.
- forsikring
- kalkulatorar for omrekning av måleiningar på sjøen
- reisetid mellom hamner langs kysten
- båtførarprøva – test deg sjølv / øvingar

På eksamen vil du få oppgåver knytte til arbeidsprosessen med nettstaden og utvikling av komponentar som skal vere med.

Du må skaffe deg mellom 5 og 10 produktbilete totalt av båttypar frå fabrikata Askeladden, Quicksilver og Bayliner.

I tillegg må du skaffe deg ei lydfil med lyd av vind eller bølger. Du kan gjere opptak sjølv eller hente effektlyd frå ein gratis nedlastingsstad på Internett (t.d. <http://www.a1freesoundeffects.com/weather.html>).

Ta med filene på eksamen. Det er viktig at du viser til kjelder som du bruker på eksamen. Noter derfor kvar du finn produktbileta av båtane og eventuelle lydopptak.

## Bokmål

Informasjon til forberedelsesdelen	
<b>Forberedelsestid:</b>	1 dag
<b>Hjelpemidler:</b>	<p>På forberedelsesdagen er alle hjelpemidler tillatt, inkludert Internett.</p> <p>Alle hjelpemidler er tillatt på eksamen, unntatt Internett og andre verktøy som tillater kommunikasjon.</p>
<b>Bruk av kilder:</b>	<p>Alle kilder som blir brukt til eksamen, skal oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du må oppgi forfatter og hele tittelen på både lærebøker og annen litteratur.</p> <p>Dersom du har med deg utskrift eller sitat fra nettsider, skal hele adressen og nedlastingsdato oppgis. Det er f.eks. ikke tilstrekkelig med <a href="http://www.wikipedia.no">www.wikipedia.no</a></p>
<b>Vedlegg:</b>	Ingen
<b>Andre opplysninger:</b>	Forberedelsesdagen er obligatorisk skoledag. I forberedelsestiden kan du samarbeide, hente informasjon og få veiledning.
<b>Informasjon om vurderingen:</b>	Vurderingsveiledninger til sentralt gitt skriftlig eksamen etter Kunnskapsløftet finner du på <a href="http://www.utdanningsdirektoratet.no">www.utdanningsdirektoratet.no</a> under menyvalget Eksamen.

## Tema: Nettsted – Sjøliv i Grenland

Grenland i nedre Telemark er et kystdistrikt med omfattende fritidsbåtaktivitet. I Grenland er det nesten like vanlig å ha båt som å ha bil. I Grenland finner vi byene Porsgrunn og Skien, og tettstedene Brevik, Stathelle og Langesund ute ved fjorden og havet.

Det finnes naturlig nok en rekke båtforhandlere i området. Disse forhandlerne har gått sammen og ønsker å opprette og drive nettstedet "Sjøliv i Grenland". Etter oljekatastrofen sommeren 2009 må de være på offensiven for å holde interessen for sjølivet oppe.

En initiativgruppe har hatt et par møter og notert en "løs innholdsliste"<sup>1</sup> med komponenter og innhold de kunne tenke seg å ha med på nettstedet. Det er viktig for dem at nettstedet skal inneholde mye mer enn bare reklame for båtene deres. Innhold og utforming skal lokke båtinteresserte til nettstedet slik at den får høye besøkstall. Dermed kan nettstedet i neste omgang brukes til å markedsføre deres egne produkter.

På neste side finner du den "løse innholdslista" som initiativgruppa har laget (i tilfeldig rekkefølge).

---

<sup>1</sup> "Løs innholdsliste" er det første innholdsutkastet til et nettsted.

## Løs innholdsliste til nettstedet "Sjøliv i Grenland"

- bilder av båter som er til salgs, av typene Askeladden, Quicksilver og Bayliner
- reklamer for alle sjørelaterte produkter
- lydeffekter, for eksempel lyd av bølgeskulp og vind
- videovisninger fra sjøen og båter
- sjøens trafikkskilt (staker som viser grunner, osv.)
- lanterner
- kartlesing
- GPS
- badevett
- nødprosedyrer
- vindskalaer og vind på sjøen
- det fonetiske alfabetet (radiosignalkoder)
- havneplassbestilling
- fiske
- sjømat
- ferie ved sjøen
- havner langs kysten av Norge, Sverige og Danmark
- aktiviteter: dykking, padling, roing, surfing, vannski
- kurs: seiling, motorer, navigering, osv.
- verksteder og utstyr i regionen
- redningsvester
- badestrender
- kystkultur
- strandrestauranter, osv.
- forsikring
- kalkulatorer for omregning av måleenheter på sjøen
- reisetid mellom havner langs kysten
- båtførerprøven – test deg selv / øvelser

På eksamen vil du få oppgaver knyttet til arbeidsprosessen med nettstedet og utvikling av komponenter som skal være med.

Du må skaffe deg mellom 5 og 10 produktbilder totalt av båttypene fra fabrikkene Askeladden, Quicksilver og Bayliner.

I tillegg må du skaffe deg en lydfil med lyd av vind eller bølger. Du kan gjøre opptak selv eller hente en effektlyd fra et gratis nedlastingssted på Internett (f.eks. <http://www.a1freesoundeffects.com/weather.html>).

Ta med filene på eksamen. Det er viktig at du henviser til kilder du bruker på eksamen. Noter derfor hvor du finner produktbildene av båtene og eventuelle lydopptak.

Kolstadgata 1  
Postboks 2924 Tøyen  
0608 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
Telefaks 23 30 12 99  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)